



# Varhaug Misjonshus



## Innhold:

- Andakt
- Hananja 20år
- Frå Misjonhusstyret
- Vi synger jula inn

- Side 5
- Side 6-8
- Side 9
- Side 12-17

- Nye styrer i eierorg.
- NLM
- Kyrkja og Misjonhuset
- Vaktlister

- Side 18-19
- Side 21-23
- Side 19-21
- Side 30



NORSK LUTHERSK  
MISJONSSAMBAND

# BØ'EN STORKIOSK

MAT - SPILL - KIOSK



FØLG OSS PÅ FACEBOOK

Dublandsvegen 1A - 4360 Varhaug

FOR MATBESTILLING RING: 51 43 00 99



Rogaland Bildeler a/s



[www.rogalandbildeler.no](http://www.rogalandbildeler.no)

Biloppfugging og stort delelager.

Ytre Torvhusv., 4370 EGERSUND

TLF: 51 49 49 50

FAKS: 51 49 49 60

rogbil@hesbynett.no

Du ringer oss så henter vi ditt bilvrak!

# JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug

Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - [jagunnau@online.no](mailto:jagunnau@online.no)



• SERVICE • DELER  
• REPRASJONER



## FØREMÅL MED HUSET ER:

Ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen, Den Norske Kyrkja si vedkjenning og dei retningslinjer som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter. (§2 i lovene for Varhaug Misionshus)

### Meldingsblad for Varhaug Misionshus

1 - 2017  
29. ÅRGANG

#### Eigarar

Varhaug Misionshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovedorganisasjon:

#### Norsk Lutherisk Misionssamband

Formann:  
Tormod Nord-Varhaug  
Mob. 908 67 879

#### Det Norske Misjonsselskap

Formann:  
Njål Omland  
Mob: 916 89 177

#### Normisjon

Formann:  
Dagfrid Bekkeheien Skrettingland  
Tlf: 415 32 652

#### Indremisjonsforbundet

Formann:  
Toralf Liene  
Mob: 475 02 015

#### <http://www.varhaug-misionshus.no>

Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug.  
Tlf: 51 43 08 08  
E-mail adresse:  
post@varhaug-misionshus.no

Postadresse:  
Pb 103  
4368 Varhaug

Kontortid: måndag og torsdag  
kl 2000-2100  
Kontonr. 3335 11 24011

Kommentarer/innlegg til bladet:  
E-mail:  
[redaksjonen@varhaug-misionshus.no](mailto:redaksjonen@varhaug-misionshus.no)  
Tlf. 90058503

# Frå redaksjonen

3

Når bladet går i trykken er det meste av vårsemesteret over, og me går mot ferietid. Då er det nokså stilt på Misionshuset fram til august.



Gjennom dette bladet ynskjer me i redaksjonen å gje folk på Varhaug eit innblikk i kva dei ulike organisasjonane driv på med.

Denne gongen er fokus på Norsk Lutherisk Misionssamband, som er ein av dei 4 eigarorganisasjonane av Misionshuset.

Eit av dei største arrangement på Misionshuset er det årlege «Vi syng jula» inn. I dette bladet er det eit knippe bilete frå 18. desember 2016.

Dei siste åra har det vore føremiddagsmøte nokre søndagar på Misionshuset. No ynskjer styra i eigarorganisasjonane å prioritera forsamlingsbyggjing på Misionshuset. Dei ynskjer å få til eit godt og tenleg opplegg for desse møta, slik at dette kan verta eit fast tilbod til dei som ynskjer eit felleskap på Misionshuset med forkynning og fellesskap i sentrum. Desse samlingane starter kl 10:15 og borna er med fram til 10:30, då dei går til søndagskule.

Min Song er denne gongen levert av Astrid Varhaug, og andakten er av Anne Birgitte L. Bø.

Sjur Håland har hatt ein samtale med soknepresten vår, Gaute Øgreid Rasmussen, om Kyrkja og Misionshuset. Frå 1. januar 2017 vart Statskyrkja historie. Den norske kyrkja er ei fri juridisk eining. Men samarbeidet og samhaldet mellom kyrkja og misjonshusa er minst like viktig som før, meiner Gaute Øgreid Rasmussen.

17. mai er det som vanleg familiefest på Misionshuset kl 18. Då vert det tale av Kristin Søyland.

Teikninga på framsida er laga av Sofie Håland.

Velkommen til Karin Lerbrekk som har sagt seg villig til å vera med i redaksjonen.

**Redaksjonen:** Njål Omland, Eirik J. Varhaug, Sjur Håland, Steinar Ånestad, Karin Lerbrekk og Per Åge Skretting



**butikken**  
– mer enn du tror!

Felleskjøpet Varhaug AS, Mølleveien 4, 4360 Varaug  
Tlf. 51 77 14 70  
Åpningstid: Man. - fre. 8-17, lør. 9-14



Murmester

**Waldeland & Dubland AS**

Alt i mur-, puss- og flisarbeid  
Tlf: 992 50 989  
Epost: post@waldeland-dubland.no



Autorisert regnskapsførerselskap

Daglig leder Rune Odland  
Autorisert regnskapsfører  
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug  
Tlf. 91511088 • E-mail: runeo@hrd.no

**KJÆRNEBORING**

**ZBETONGSAGING**



**EGIL HÅLAND** 4360 VARHAUG • Tlf. 51 43 04 94 •  
Mobil 416 99 617 / 944 07 800 • [www.Toppaland.com](http://www.Toppaland.com)



BLOMSTER & GAVER



**EL-TEAM**

Elektroentrepreneur



AUTORISERT INSTALLATOR

Morenefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40

E-post: dr@el-team.net, Internett: [www.el-team.net](http://www.el-team.net)

**Lars Gaute Sport**  
**sport 1**

VARHAUG 51 43 28 80

NÆRBØ 51 43 43 10

**SKAL DU GRAVE?**

KONTAKT

**ERLING AUESTAD**


MASKINENTREPENØR

VARHAUG

Alt innen graving

Tlf. 51430878

Mobil. 97197815





Anne Birgitte L Bø

## PUST !

Av Anne Birgitte L Bø

Kvarden kan vere travel. Det er så mange ting vi skal tenke på, gjere, klare, kunne.

Ein kan bli litt andpusten av alle «krava» - frå seg sjølv vel så mykje som frå andre. Kanskje treng vi alle litt hjelpe til å fokusere på det som egentlig er viktig i livet?

For å hjelpe meg med dette har eg valt meg eit ord for året 2017. EITT ord eg vil fokusere på for dette året. Mitt ord er PUST.

Det handlar om å vere «present not perfect» - om å vere tilstades i livet mitt og ikkje hige sånn etter at alt skal vere så perfekt. Ha ein unge på fanget når ho treng det, ikkje når det «passar» for meg. Pusle puslespel med treåringen sjølvom oppvasken står og det er støv i alle krokar.

Det handlar om å puste med magen. Å ta livet litt meir med ro og ikkje springe slik heile tida.. Setje meg ned og puste djupt når eg får høge skuldre.

Det handlar om livspust. Eg er avhengig av pusten for å leve. Slik er det også med mitt forhold til Jesus. Eg treng Han.

I Bibelen står det: «I HAN er det vi lever, rører oss og er til.»( Apgj 17,28a)

Eg skal få kvile hos Jesus. Bibelen fortel om ein gong Maria tok ein «puст i bakken». Ho sette seg hos Jesu føter då systera Marta stressa rundt i huset. Jesus er aldri lenger vekke frå meg heller enn eit sukk, ei bøn, eit pust. Jesus vil ha meg tett inntil seg så han kan fylle meg kvar dag - med SIN kjærleik, SIN fred, SIN styrke, SI glede – alle sine gode gåver. Eg skal få kvile der ved hans føter; lytte, be og lese i Ordet, Bibelen.

Å ha dette ordet for året hjelper meg til dette. Å hugse å puste.. Eg håper du også vil leve der – tett inntil HAN som elskar deg høgare enn du forstår.

PUST hos Han!

PS: Lytt gjerne til songen «Breathe» med Jonny Diaz på Spotify



# Tjue år med himmelske tonar fra Hananja

Dei har glede heile spekteret av generasjonar varhaugsbuar med den glade bodskapen gjennom nærande korsang av høg kvalitet i tjue år. Hananja er klar for tjue nye år – så lenge det fins folk som vil syngja og spela.

---

Sjur Håland

Hananja betyr Herren er nådig. Det har vore mottoet og namnet på koret sidan starten i 1997.

-Og det er eit nøkkelord i den kristne bodskapen me freistar å formidla, understrekar ein av dei song- og musikkglade entusiastane som har vore med frå starten, Njål Omland.

## Jubileumskonsert

Siste laurdagen i mars markerte Hananja åremålsdagen med ein stor jubileumskonsert på Varhaug Misjonshus. Det er elles ikkje så ofte at koret har eigne konsertar. For Hananja entrar like gjerne podiet på Misjonshuset ein alminneleg møtekveld som på ein foreningsbasar i distriktet. Koret er ofte førstevalet når møtearrangørar førebur seg på eit større arrangement. Songglade kvinner og menn i sin beste alder entrar for eksempel krakkane på podiet på Allehelgensfesten, eller dei skapar stor julestemning og klump i halsen hjå publikum når dei bidreg til å synga julehøgtida inn. Dei siste åra har koret blant anna prioritert å arrangerer tenning av julegrana til stor glede for særleg den yngste delen av befolkninga.

## Kremgjeng med humor

-Me profilerer oss ikkje som eit konsertkor, men syng og øver jamt og er innslag i andre sine arrangement, det er eit konsept som fungerer bra, seier Njål.



Magnhild Ueland har vore med i ei årrekke. Sidan 2004 har ho taktfast dirigert koret.

-Hananja består av ein songglad kremgjeng med masse humor. Me er ein flokk som har funne tonen på mange måtar, og som får bidra med song og vitnesbyrd i ulike samanhengar.

Eit kor som Hananja let seg ikkje driva av seg sjølv. Friviljug arbeid kjem på toppen av ein travel kvardag for dei fleste.

-Me blir verdsette, og me kjenner oss rike som får vera med å bidra. Og, til tider er det travelt, det skulle jo berre mangle, seier Magnhild.

## Starta som prosjektkor

Njål Omland fortel at Hananja i utgangspunktet var eit prosjektkor, «raska» saman under ein felles møteaksjon med Tor B. Jørgensen som talar. Njål kan spela på mange strenger. Det kom godt med i starten før Synnøve Krosliv var på plass som dirigent. Den første tida stod Njål



for musikken samstundes med at han dirigerte. At han framleis er med etter tjue år skuldast ikkje berre gleda over å kunna trylla fram himmelske tonar frå tangentane.

-Det er dei som er med i koret som driv meg. At Hananja bidreg til at folk har ein fast plass å gå, er den største verdien for meg. Det er periodar av livet der det kan vera lett å gli vekk frå miljøet og fellesskapet. Å «måtta» gå på korøving og stilla opp på arrangementa der me syng, er viktig.

Berit Skretting har også vore med frå starten. Ho stadfestar verdien i samhaldet og at koret er viktig for medlemmane.

-Folk blir spurt etter og venta på om dei ikkje dukkar opp på øving. Me er ulike ikkje alle har

ein like stort fellesskap rundt seg, Hananja er verdfult på mange måtar, erfarer ho.

### Midt i livet

Hovudtyngda av medlemmane i Hananja er frå Varhaug. Men geografiske grenser fins ikkje. Her er songlade kvinner og menn med frå både Vigrestad og Nærøbø. I starten var fordelinga kvinner og menn temmelig likt fordelt i det firestemte koret. No utgjer kvinnene fleirtalet. Aldersspennet er stort.

-Kanskje me best kan seia at kormedlemmane er kvinner og menn ein stad i den romslege midt i livet-boksen. Her er både småbarnsforeldre og besteforeldre, smiler Magnhild.

**EIK  
SENTERET**

**Vi er der når du trenger oss**

Varhaug, Oppstadveien 651. Tlf: 51 79 94 80 • Tlf 982 17 798  
Hjemmeside: [jts.as](http://jts.as)

Høgdepunktet for medlemmane i Hananja er øvingshelga i januar som gjerne samlar opp mot 40 korsongarar.

-Nokre år reiser me vekk, medan me andre år er her på Varhaug. Øvingshelga skjer med ekstern instruktør. Helga inspirerer, løfter oss musikalsk og styrker det sosiale samhaldet gjennom resten av kosesongen, fortel dirigenten.

Til vanleg er det 25 – 30 personar som møter til dei faste øvingane annankvar onsdag gjennom året.

-Jamt over er me ute og syng to gonger i månaden. I tillegg til øvingane er dette travelt nok, seier Magnhild, som presiserer at koret tar seg litt fritt midt på sommaren.

Øvingane finn stad på Misjonshuset mellom kl. 20.00 og kl. 22.00. I løpet av dei to timane blir det også plass til ei andaktsstund og ei lita, men viktig matøkt.

## Høgdepunkt

-Kva har vore høgdepunkta?

-Det må vera dei somrane me var med og song ei veke på Skottevig, seier Berit. Ho held også fram dei gongene Hananja har hatt songen Jerusalem på repertoaret. - Det har vore sterke augneblink som har skapt ekstra sterke kjensler i både møtelyden og oss som formidlar songen. Magnhild er også takksam for dei gode tilbakemeldingane.

-Det er gjevande å høyra at tekst og tonar betyr noko for tilhøyrarane. Det har hendt at folk har sagt at «dette var heile talen».

Berit mimrar om ei gong dei song på Nærbo. Songen hadde engelsk tekst, noko som ikkje alltid er like populært. Kvinna som tok tak i armen til Berit etter møtet hadde aldri lært engelsk.

-Eg forstår ikkje eit einaste ord, men eg forstod alt, sa ho.

## Dugnadskor

-Og no er koret klar for tjue nye år?

-Ja, om folk vil vera med og syngja. Og, me er også heilt avhengige av folk som vil vera med og spela, og som er viljuge til å stilla opp, understrekar Njål.

Hananja er dugnad. I andre kor av Hananja sitt format er det ikkje uvanleg at dirigentar og musikarar får betalt for jobben. Koret har heller ingen opptaksprøve. Nye medlemmar er velkomne, mange kjem til etter kvart. Aller helst ønskjer koret nye røyster etter sommarferien eller i samband med øvingshelgene.

-Kvaliteten blir løfta av at dei skikkeleg gode drar med seg resten, seier Njål.

Den kristne bodskapen er viktigast, anten koret syng 17. mai, på misjonsbasar, eller har konsert i Lensmannsløa.

-Det er viktig å ha noko å gå med. Me syng til Guds ære, det motiverer, avsluttar Magnhild Ueland.



# Frå misjonshusstyret

Ja, nå nærmer det seg vår og sommer. Det nærmer seg 1 mai, men det synes ikkje mellom haglbygene og sludd. Årsmøtet vart halde i midten av mars utan dei stor utfordringane. Det er ein stabil gjeng som er med i styret slik at det er liten utskifting.

I skrivande stund er det vår-dugnaden som står for tur, sånn at det er ryddig både innvendig og utvendig til glede for alle som er brukarar av huset. Det er alltid kjekt at det ser fint ut rundt oss. Ellers så er tida snart inne for avslutninger for foreninger og kor til sommaren.

Det vert ei kort hektisk tid før me går inn i ei roligare sommertid.

Håper at alle finn seg vel til rette på alle aktivitetane som foregår på huset. Ut fra alle statistikkane er det mykje som skjer for alle aldersgrupper.

Dette håper me i styret kan fortsetja og me kan få inn nye folk til å gå på Misjonshuset og oppleva fellesskapet her.



Frå venstre: Loyd Aanestad (formann), Astrid Varhaug, Torbjørn Honnemyr, Gunnhild Lobekk, Håkon Varhaug, Terje Skretting, Per-Arvid Jakobsen, Håvard Varhaug, Rolf Ueland



**HEIDI DUBLAND BØ**  
Hud- og fotterapeut

Stasjonsvn. 14, 4360 Varhaug  
Mob. 41 27 66 79

Timebestilling / telefon 51 43 13 69



MALER OG GOLVLEgger

Jæren GolvAS

Varhaug • Tlf. 488 48 700

**JÆREN AUTO AS**

BILUTLEIE - BILSAVG - DEKKSALG - OLJESERVICE



TLF.: 917 00 827 - VARHAUG

**Sentrum Salongen**

Ånestadveien 13, 4360 Varhaug

Tlf. 51 43 11 02

Er du fornøyd - er vi fornøyd



Bestill time på nett.

Scan QR koden og kom rett til  
bestillingssiden. Eller gå inn på :

[www.ledigtime.no/sentrumsalongen](http://www.ledigtime.no/sentrumsalongen)

**SPAR**

**SPAR VARHAUG**

Tlf. 51 43 01 36 - Fax. 51 43 00 19  
E-post: [spar.varhaug@ngbutikk.net](mailto:spar.varhaug@ngbutikk.net)

Opningstider 08.00 - 21.00 (18.00)

**Haaland Bilverksted**

Opstadvegen 647 - 4360 Varhaug  
Telefon: 90 50 65 66

**M E C A**  
CAR SERVICE

**M E C A**  
CAR SERVICE


**T. SKRETTING  
MASKINSTASJON**

Dysjalandsvagen, 4360 Varhaug

**Trond Skretting**

mob. 906 80 143  
mob. 975 54 681 (Erik)  
[trond@tskretting.no](mailto:trond@tskretting.no)

[www.tskretting.no](http://www.tskretting.no)



Regnskapsfirmaet på Jæren

[post@jarok.no](mailto:post@jarok.no) - tlf. 51 48 22 66

Pb. 210, 4349 BRYNE



[www.jarok.no](http://www.jarok.no)



# Min sang

Da jeg ble utfordret til å skrive noe om en sang som har betydd mye for meg, tok det ikke lange stunden før en klar favoritt steg frem fra havet av nydelige, gode, forkynnende og gledesfylte sanger. Vi er rikt velsignet, som kristne, at så mange mennesker for oss, til alle tider, har satt ord på sin glede og takknemlighet over den fantastiske gaven som evangeliet er, i salmer og sanger.

Sangen jeg har gjengitt nedenfor ble jeg først kjent med da jeg sang i ungdomskoret, her på Misjonshuset, den gang under ledelse av Synnøve Krosli, som jeg ser på som en av de viktigste retningsgivende menneskene i livet mitt. Sanggleden førte meg videre til musikklinja på Bildøy Bibelskole, der troen på Jesus som min egen og hele verdens Frelser ble ytterligere forsterket. Det var også her jeg virkelig fikk frimodighet til å stå frem og synge om Han som har åpnet porten til himmelen for oss, og som elsker oss mer enn et menneske noen gang kan gjøre. Han lengter etter at vi skal leve så nær til Ham, at vi, i alle ting, kan bli fylt av Guds kjærlighet og Guds fred, og stå sterke i Ham.

## TIL EN VENN

*Tekst og melodi: Elisabeth Frostad*

Jeg synger en sang til deg, min venn,  
for jeg lurer på: Har du funnet veien hjem?  
Hva tror du på? Er det mening i ditt liv?  
En annen jeg kjenner ønsker å  
bli kjent med deg, så hør hva Han vil si:

Du, mitt barn, som jeg elsker, ikke gå.  
Jeg vil gi deg min fred, Jeg vil fylle deg med kjærlighet.  
Du, mitt barn, som jeg elsker, ikke glem,  
Jeg har åpnet en vei til himmelen, til evig fred.

Min Frelser vil også være din.  
Du må svare ja. Han kan gi deg evig liv.  
Han er med hver dag, og gir hjelp i kjærlighet.  
Ja, tenk at Han døde på et kors.  
Han led for deg, og åpnet livets vei.

Du, mitt barn, som jeg elsker, ikke gå.  
Jeg vil gi deg min fred, Jeg vil fylle deg med kjærlighet.  
Du, mitt barn, som jeg elsker, ikke glem,  
Jeg har åpnet en vei til himmelen, til evig fred.

Gud elsker alle mennesker! Han vil ta seg av deg og gi deg av sin fred. Du er dyrt kjøpt og inderlig elsket! Vil du la Ham være din Far? Vil du slippe Jesus inn i livet ditt og la Ham gjøre sin gjerning i deg? Vil du gi Den Hellige Ånd rom i hjertet ditt, slik at Han kan hjelpe deg og lede deg, gjennom det ordet som forvandler og setter fri?

Astrid Varhaug



# *Vi syng jula inn*

Kvart år på 4. søndag i advent kl 18, så syng me jula inn på Misjonshuset. Dette er eit av dei største arrangement gjennom året. Då har me videooversføring til matsalen, der alle kora har sin plass når dei ikkje er inne i storsalen og framfører sine songar.. Dette for at folk skal få plass i storesalen. Den 18. desember i 2016 vart denne songstunda leia av Kjellaug Aanestad Varhaug. Anne Birgitte L Bø delte juleevangeliet frå Lukas 2 for oss. Kora er Minikoret, Yngreskoret, Ungdomskoret, Musikklaget og Hananja. Her er eit knippe bilete frå "Vi syng jula inn" i 2016.

---

*Per Åge Skretting*





SI.BYGG

[www.sibygg.no](http://www.sibygg.no)

MESTERHUS

- *det blir som avtalt*

The logo consists of two green squares above the word "SI.BYGG", which is in a large, bold, black sans-serif font. Below "SI.BYGG" is a horizontal green line. To the left of the text are two smaller green squares. To the right is a circular emblem containing a gear and the word "MESTER". At the bottom, the word "MESTERHUS" is written in a blue and red font, and the tagline "- *det blir som avtalt*" is in a red font.









# Nye styrer i eigarorganisasjonane

## Norsk Luthersk Misjonssamband, NLM:



Frå venstre: Harald Dyrøy, Kjetil Halvorsen, Anne Margrete Fauskanger, Stig Hobberstad, Bjørg Vistvik Stokkeland, Tormod Nord-Varhaug (formann)

Styret i NLM vil i år prioritera arbeidet med å laga eit godt og teneleg opplegg for søndag foremiddagsmøta som vi har ansvar for saman med Indremisjons forbundet. Desse møta tek sikte på å vera eit tilbod til alle som ønskjer ei fast søndag foremiddagsamling på Misjonshuset med forkynning og fellesskap i sentrum. Møta tek til kl 10.15 annakvar søndag.

## Normisjon:



Bak frå venstre: Dagfrid Bekkeheien Skrettingland, Kjellaug Aanestad Varhaug, Oddmund Nord-Varhaug og Solvor Rasmussen.  
Fremst frå venstre: Solveig Horpestad, Johannes Håland og Johanne Auestad.



## Det Norske Misjonsselskap, NMS:

### Hva vi gjør



BEKJEMPER  
URETTFERDIGHET



DELER TROEN  
PÅ JESUS



UTRYDDER  
FATTIGDOM

#### Program for hausten 2016

Stevne på Varhaug 27. August  
Prosjektkveld 25. September  
Basar 29. September  
Møteveke 1.–5. November  
Julemesse 24.-25. November.



Styret NMS Varhaug

Kristin Flesjå Skrettingland, Anne Svalestad Ueland  
Torunn Rogn Lerbrekk, Liv Synnøve Vagle  
Tommy T. Skretting, Njål Omland

Du finner oss på MCash, og en annen måte å støtte NMS økonomisk på er fast givertjeneste. Mer informasjon om dette kan du finne på internett. [www.nms.no](http://www.nms.no)

***Vi er svært takknemlige for alle som er med og støtter NMS sitt arbeid.***

## Indremisjonen, IMF:




Frå venstre: Grethe Håland, Norunn Nord-Varhaug, Tor Selmer Olsen og Toralf Liene. Elisabeth Lusti og Tom Magne Ueland kunne ikkje møta då biletet vart teke

Vi i IMF Varhaug ønsker å:

- Ha fokus på forsamlingsbygging på Misjonshuset
- Støtte misjonsarbeidet i Finnmark

Noko av det som skjer fremover:

- Felles formiddagsmøter hver andre søndag kl 10.15
- Basarveke 6. - 10. september. Roald Evensen deltar



# Velkommen til familiefest på Misjonshuset!

17.mai kl. 18.00.  
Tale av Kristin Søyland  
Servering av pølser og is.  
Leiker for små, og kanskje store også.  
Du kjem vel?





**NORSK LUTHERSK  
MISJONSSAMBAND**

Varhaug misjonslag av NLM er eit lokallag som er tilslutta Norsk Luthersk Misjonssamband. Vi er ein av 4 organisasjonar som eig Varhaug Misjonshus, og har arbeid her i bygda med base på Misjonshuset.

Norsk Luthersk Misjonssamband er ein fri og sjølvstendig misjonsorganisasjon på luthersk grunn som jobbar under visjonen Verda for Kristus. NLM har eit stort arbeid med mange prosjekt, og har utsendingar i Afrika, Sør-Amerika og Asia, i tillegg til arbeid i Norge. Opp gjennom åra er det mange frå Varhaug som har vore NLM-utsendingar. Vi som er litt eldre, hugsar godt når misjonær Berta Aanestad fortalte frå eit langt og spennande liv i Etiopia. Etterpå har mange fylgt i hennar fotspor, og reist med evangeliet til land i fleire verdsdelar. Fleire av desse er i dag aktivt med i Varhaug misjonslag av NLM.

Vi opplever at verda treng Kristus som aldri før, og vi treng fleire hender til å be og gi, og fleire føter til å gå. Har du sans for vår visjon, «Verda for Kristus», er du hjarteleg velkommen til å vera med.

#### **NLM Internasjonalt**

I samarbeid med nasjonale kyrkjer og lokale medarbeidarar, driv NLM eit omfattande evangeliserings- og bistandsarbeid i tre verdsdelar.

#### **Sensitive område**

Mange av dei som ennå ikkje har hørt Guds ord, lever i område der direkte forkynning ikkje er akseptert. Vi trur at kristent nærvær her kan bety mykje. Framover ønskjer vi å styrkja arbeidet med å nå ut med evangeliet til folkeslag som enda ikkje har fått evangeliet forkynt.

#### **Bistand og utvikling**

Omsorg for heile mennesket har alltid prega NLM sin innsats. Vi er engasjert i viktig helsearbeid på fleire kontinent. Vi støtter lokale sjukehus og helsestasjonar økonomisk, og i nokre tilfelle med personell i tillegg.



## NLM i Norge

NLM driv også eit utstrakt arbeid i Norge. Historisk er vi ein del av bedehusbevegelsen. Ofte, som her på Varhaug, driv vi bedehus saman med andre organisasjonar. Andre stadar eig NLM sitt eige bedehus. Ikkje minst i ein del byar har NLM større forsamlingar med møte kvar sundag og aktivitetar for ulike aldersgrupper.

## Luthersk vedkjenning

Til saman består NLM i Norge av omkring 2500 foreiningar og lag over heile landet. Vi driv arbeid blant barn og unge i meir enn 1000 foreiningar, grupper, kor og lag. Organisasjonen arrangerer også leifar for barn og ungdom på meir enn 30 leirstadar.

Gjennom vårt arbeid i Norge vil NLM bidra til at nye menneske får høyra bodskapet om Jesus Kristus. Vi vil vera ei vekkjingsrørsle og sendeorganisasjon som utfordrar menneske til å tena Gud.

NLM ønskjer å byggja alt vårt arbeid på Bibelen. Vi ser på Bibelen som Guds ord til oss, og det må vera den som avgjer kva vi trur og korleis vi lever.

Her på Varhaug har NLM 7 kvinneforeiningar og 3 mannsforeiningar. Typisk nok er det fleire kvinne- enn mannsforeiningar. Desse foreiningane er på mange måtar ryggrada i arbeidet. Styret i lokallaget samordnar og arrangerer møte og treff på Misjonshuset. Vi har gjerne eit par møteveker og nokre enkeltmøte årleg, samt familiemøte. Vårt største arrangement er julemessan i midten av november. Der

samlast mykje folk og dagane gir gode inntekter til misjonen.

Dei siste åra har det vokse fram eit ønske blant medlemmane om faste samlingar på Misjonshuset. Difor har vi saman med IMF møte annankvar sundag føremiddag kl 10.30. Den andre sundagen er det faste møte kl 19.30. Desse kveldsmøta er fellesmøte. Vi vil invitera alle varhaugbuar til å vera med. Dersom du finn eit eller fleire av desse arrangementa interessante, er du hjartelag velkommen til å delta.



Frå eit familiemøte på Misjonshuset.

## Undervisning

Åleine eller saman med andre, driv NLM mest 30 skular frå grunnskule- til høgskulenivå. I tillegg har vi over 40 barnehagar. For oss på Jæren er Tryggheim skular godt kjendt. Likeeins er Holmavatn Ungdoms- og misjonssenter kjendt for oss på Varhaug.



## UL

UL er verdt å nemna spesielt. Dette er eit landsdekkjande arrangement for ungdom som i ei årrekke har funne stad i Kongeparken eller på Randaberg. Her samlast fleire tusen til forkynning og seminar. Dette er eit flott møtepunkt for dei unge, der misjonslaga på Jæren bidreg med masse dugnad.



*Ungdom samla på UL i Kongeparken*

## Media

Mediearbeid står sentralt i NLM. Organisasjonen eig Lunde Forlag som gir ut kristen litteratur. Gjennom Norea Mediemisjon og ei rekke lokalradioar har vi eit omfattande arbeid. Kven har ikkje høyrt Holger si røyst på vår lokale Jæren Misjonsradio! Her i området er det og mange som lyttar til Radio Sør-Vest. I tillegg arbeider Norea Mediemisjon med internett. NLM gir ut bladet Utsyn, og driv ungdomsportalen iTro.no. saman med Norea Mediemisjon, og i samarbeid med Indremisjonsforbundet driv vi Superblink, som er ein medieklubb for barn.

## Oppstarten av NLM

Det var ei gruppe yngre kvinner frå Bergen starta misjonsarbeid i Kina. Dei brann for å nå kinesarane med det kristne bodskapet.

## Oppstarten i Kina

Fram til andre verdskrig dreiv NLM bare arbeid i Kina. Dei første misjonærane reiste ut hausten 1891, og dei starta opp

eit variert arbeid fleire stadar i Kina. Mest sentralt i arbeidet stod eit tradisjonelt evangeliseringsarbeid med møte og gudstenester, men det vart også drive helse- og undervisningsarbeid.

## Oppstart i andre land

Då kommunistane overtok makta i Kina i 1949, måtte alle misjonærane dra frå landet. Nokon reiste til Taiwan og til Hong Kong, og starta opp arbeid der. Omtrent på same tid vart det sendt misjonærar til Etiopia og Japan. Talet på misjonsfelt vart utvida etter 2.verdskrig, og i dag har vi misjonsarbeid i meir enn ti land på tre kontinent.

## Formell tilknyting

Ein av bærebjelkane i NLM sitt verdssvide misjonsarbeid, er det lokale arbeidet i Norge gjennom misjonsfellesskap, slik som det vi har på Varhaug.

Dei ulike misjonsfellesskapa samlar misjonsengasjerte menneske på tvers av ulike kyrkjessamfunn.

Medlemsskap i NLM trussamfunn er eit tilbod til deg som opplever at ditt lokale NLM-fellesskap fungerer som din åndelege heim, og som ønskjer å vera formelt knytta til organisasjonen fordi du deler NLM sitt trusgrunnlag.

Vi tilbyr difor dette gjennom innmelding i NLM trussamfunn.


## Varhaug NLM

Varhaug NLM ønskjer å ta del i det store kallet til å nå nye menneske med det glade bodskapet om at Jesus vil vera vår bror og frelsar. Dette vil vi gjerne dela med andre, her på Varhaug, i heile landet og ut til alle menneske i heile verda. Vi ønskjer å dela fellesskap og teneste med deg, og inviterer alle til å vera med.

*Steinar Ånestad*

## R. SKRETTING A/S

KJØTTFORRETNING  
DELIKATESSE  
SELSKAPSMAT  
4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



Brit Jane Varhaug  
Einervegen 3  
Tlf.: 51430757

## BYGGMESTER O d d m u n d **VAGLE**

Tlf 47 63 62 02

Ånestadvegen 292 - 4360 Varhaug



## BETONGELEMENTER

til driftsbygninger, redskapshus, grunnmurer, yrkesbygg m.m.



## HÅ ELEMENT A/S

Postboks 71 - 4368 Varhaug - Tlf. 51 79 86 90 • Telefax 51 79 86 91

## HUS • TILBYGG • REPARASJONER

*Be om pristilbud på arbeid og materialer*

### Lobekk Bygg A/S

## Svein Lobekk

Tlf.: 51 43 09 99

Mobil: 90 92 98 87



## Erik Håland Maskin A/S

Telefon 51 43 12 99 • Telefax 51 43 10 85

Mobil 970 55 500



Leverandør av trelast  
og bygningsartikler



TRELAST OG BYGGEVARER  
ENGROS

Jernbaneveien 18/19, 4365 Nærø  
Tel: 51 79 12 70 - Fax: 51 79 12 71

# Barneandakt

25


Jesus hadde hjelpt Maria Magdalena. Du kan tru ho var lei seg då Jesus døydde. Ho hadde gått til grava hans og stod utanfor og gråt sårt. Der fekk ho sjå to englar i skinande kvite kler som sat der kor Jesus hadde lagt. Dei spurde kvifor ho gråt slik. Då svarte ho at det var fordi ho ikkje visste kor det var blitt av Jesus. Med det same snudde ho seg og fekk sjå Jesus stå der. Kan du sjå kor glad ho blei?

Jesus sa til henne at ho skulle gå og sei til vennene hans; «Eg fer opp til min Far og dykkar Far, til min Gud og dykkar Gud». Og Maria skunda og fortalte at ho hadde sett Jesus. Nå visste ho at det var sant at Jesus hadde stått opp att. Han var ikkje død lenger. Og vi som kjenner Jesus skal også få fortelja andre at vi veit det er sant at Jesus lever.

Henta frå «Min første reise gjennom Bibelen.» av Kenneth N Taylor.



Til fargelegging:



# Kyrkja og Misjonshusa høyre saman

*Frå 1. januar 2017 vart Statskyrkja historie. Den norske kyrkja er ei fri juridisk eining. Men samarbeidet og samhaldet mellom kyrkja og misjonshusa er minst like viktig som før, meiner Gaute Øgreid Rasmussen, sokneprest i Varhaug kyrkjelyd*

Sjur Håland

-Kva har skjedd?

-No har me blitt herre i eige hus. Folk flest vil ikkje merka stor skilnad, men endringa betyr at den nye sjølvstendige folkekyrkja kan styra seg sjølv, utan innblanding frå regjering eller storting. Det får betydning til dømes ved tilsetjing av leiarar, som no skjer utan at styresmaktene blandar seg inn, seier Gaute Øgreid Rasmussen.

-Er det bra?

-Det har nok opp gjennom åra vore ein del politisk innblanding som har vore krevjande, både for oss tilsette og sokneråda.

-Kva blir konsekvensane?

-Som sagt, me blir herre i eige hus. Kyrkja får tilført statlege midlar, men skal styra verksemda sjølv. Det betyr auka grad av sjølvstende. Det betyr nok også at me må bu oss på ei framtid med færre kroner frå staten og auka behov for innsamla midlar.

## Viktig trusopplæring

Rasmussen held fram trusopplæringa, og det omfattande barne- og ungdomsarbeidet elles, som ei sentral oppgåve for kyrkja etter at den tradisjonelle kristendomsundervisninga vart teken ut av skulane.

-Me får tilført midlar til trusopplæringsoppgåvene, men med mange oppgåver og stor aktivitet også frå konfirmasjonen og utover i folk sine liv, vil innsamla midlar bety meir enn før.

Gaute Øgreid Rasmussen har vore i kyrkja i Hå sidan 1992. Veteranen passerte 65 år i fjor. Den reiseglade presten med stort hjarte for misjon generelt, og Bangladesh spesielt, synar til skeisespråket.

-No er eg inne i siste runden.

## Treng kyrkja

Han har sterke rundetider bak seg, og er framleis motivert for hektiske dagar og alle oppgåvene som følgjer med stillinga som sokneprest. Om det har vore uro kring kyrkja sine standpunkt siste åra, er Gaute klokkeklaar på at håbuane treng kyrkja i tillegg til misjonshusa og dei andre forsamlingane.

-Har me eigentleg bruk for kyrkja?

-Her i Hå er me «utskjemde» med mange kristne forsamlingar og eit svært aktivt kristenliv. Samarbeidet mellom kyrkja og misjons- og bedehusa i kommunen er svært godt, men no ser me nok tendensar til at samarbeidet sprekk litt opp og forvitrar.

Håbuane har vore vane med at vigslar og sakramentforvalting som dåp og nattverd stort sett har høyrt til kyrkja:

-No ser me ei utvikling der andre menigheter også praktiserer desse oppgåvene. Det hadde vore utenkeleg for nokre år sidan. Det har blitt sprengt nokre grenser, det er freistande å dra ein parallel til Hans Nilsen Hauge som for kring 200 år sidan braut med tradisjonen om at det ikkje var andre enn prestane som skulle tala Guds ord.

## Lokal misjonsmark

Det er minst like viktig som før å stå samla om kyrkja, meiner soknepresten, som treng soknefolket i ryggen. Oppgåvene er mange og mannskapsmengda knapp. Kvavadagane kan vera travle og krevjande. Sist veke (veke 10) hadde Rasmussen fem gravferder

-Gjennom kyrkja har me den store breiddekontakten med folka som hører til soknet. Kyrkjelyden er misjonsmarka vår med 5500 medlemmar som søker oss. Nokre til dei faste gudstenestane, andre i samband med til dømes dåp, konfirmasjon og gravferd.

Samarbeid er eit nøkkelord for Gaute Øgreid Rasmussen:

-Kyrkja og misjons- og bedehusa høyrer naturleg saman. Eg er for samarbeid og blir verande både i kyrkja og på misjonshuset

Og, presten kjenner seg velkommen.

-Det er godt å høyra til i Hå. Eg opplever opne dører over alt.

### Leitt med utmeldingar

-Opninga for at likekjønna skal kunna gifta seg i kyrkja har skapt uro og utmeldingar. Kva tenkjer du om det?

-Folk har sjølv sagt full rett til å protestera og reagera. Men eg opplever at dei protesterer mot sentrale vedtak og ikkje over haldningar

her lokalt. Ingen av prestane i Hå ønskjer å via likekjønna par. Det er leitt at enkelte vel å melda seg ut. Smuldrar folkekirkja opp, mistar me noko. Det handlar om å løfta i flokk og å stå samla.

Rasmussen ønskjer også dei som har meldt seg ut, velkomne til gudsteneste.

-Og så er dei sjølv sagt velkomne til å melda seg inn att og koma tilbake som medlemmar når dei ønskjer det, smilar presten," som i år kan markera at han har vore Varhaug-bu og prest i Hå i 25 år.



## FARGERIKE



### FARGERIKE HALVORSEN

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00  
E-post: post@fargerikehalvorsen.no  
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.



## KAY'S BETONGSAGING

- Kjerneboring NÆRBØ
- Meisling Tlf. 908 37 365
- Minigraver

### Maria Aareskjold Tegneservice

Tlf. 51 43 05 59  
Fax. 51 43 70 05  
Mobil. 911 04 662  
E-post: amaria@online.no  
Postboks 110, 4368 VARHAUG

Nybygg - Tilbygg - Rehabilitering

# Prisar for leige av Misjonshuset

	Kristelege arrangement Eigar-org.	ANDRE	SELSKAP, GRAVFERD, o.l.	ANNA bruk FAGMØTE handelslaget o.l.
Innbetalingsgiro vert utlevert på kontoret på Misjonshuset	(NMS, IMF, NLM, Normisjon)			
Møtesal	300	400	1000	1500
Anretnings kjøkken	300	400	750	900
MATSAL 1)	250	350	900	1200
Kjøkken 2)	200	400	900	1200
Ungdomssal	300	400	900	1200
Tekjøkken (2. etasje)	100	150	200	200
Bønnerom (2.etasje) 3)	100	150	150	150
Foreningsrom 4)	100	150	150	150
Kjellarrom	100	150	150	150

## Merknad

- 1): Servering skal så langt det er mulig skje i matsalen.
- 2): Ved kokning av kaffe og ikkje oppvask: kr. 50.-
- 3): gratis for bønnemøter
- 4): Gratis for styremøter og planmøter for eigarorganisasjonane og deira tilknytte einingar.

## Priser for spesielle arrangementer:

Konfirmasjon/ BRYLLAUP: bruk av kjøkken, matsal, ungdsal                    kr. 4500 \*)  
 "        : bruk av anr.kjøkken og møtesal                    kr. 3000 \*)

Andre selskap med matsal og ungdomssal laurdag: pris som for bryllaup.

\*) Leige er for ein heil dag pluss kvelden før til pynting. Merk: ope hus nyttar ungdomssalen fredag kveld, noko som gjer at den berre kan nyttast laurdag.

	Eigarorg.	Andre
Møteveke uten fest på sundag	1000	1300
Møteveke med fest på sundag	1300	1800
Julemesse (fredag/laurdag, og tillaging torsdag)	1500	-----

NYTTÅRSFEST, heile huset                    kr. 2500 (Ungdomslaget)

ANNA BRUK AV HUSET                    Etter avtale.

Leige av utstyr	Pris	andre tenester	Pris
Dukar (lin)	kr. 150. pr stk.	servering ved bryllaup o.a.	kr. 200 pr. time
Dukar (teflon)	kr. 100. pr stk.		
Dukar (velour)	kr. 50. pr stk.		
Bord (gamle trebord)	kr. 40. pr stk.		
Stolar (gamle, sete av tre)	kr. 10. pr stk.		

I TILLEGG TIL LEIGE AV HUSET KJEM 5% AV ALL OMSETNAD (unnateke inngangspengar)

Merk: høgste beløp som skal betalast som 5% for eit arrangement er kr 6000.

# Faste arrangement

Arrangement	Dag	Tidspunkt	Rom	Kontakt	Tlf
Åpen Barnehage	Man. + torsdag (skuletid)	0900-1300	Matsal	Gerd Ingunn Mattingsdal	959 78 084
Homlebølet	tirsdager	1000-1200	Matsal	Anette S. Auestad	476 36 941
Speider	onsdager	1900-2100	speiderloft og-kjeller	Øystein Varhaug	970 90 811
Rover (eldre speidere)	mandag	1900-2100	speiderkjeller	Lars Kristian Haaland	951 45 516
Åpent hus	fredager	2000-2330	ungdomssal	Johannes Bøe	415 49 009
Spiren (3-5. klasse)	torsdag, oddetallsuke	1630-1800	matsal/kjøkken	Kristin Skrettingland	411 06 529
Eldretreff	1. og 3. onsdag i mnd	1400-1600	matsal	Lars-Jan Nord-Varhaug	51 43 10 02
Søndagsskolen	søndag	1030-1100	møtesal	Margreta Bøe	51 43 03 66
FRES, ten-oppleg	fredag, annenhver	1900-1930	ungd.sal, matsal, kjøkken	Anette Vatne Vagle	414 20 272
Ungdomslaget	lørdager, hele året	2000	ungd.sal (eller møtesal)	Ingrid Omland	995 90 488
SUNDAG	søndager, oddetallsuke	1930	møtesal		
Søndag formiddagsmøte	søndager, partallsuke	1030-1115	ungdomssal	formennene	
Minikor	Mandager	1715-1750	Møtesal	?	?
yngreskor	Mandager	1815-1915	møtesal	Anne Margrete Fauskanger	959 35 486
ungdomskor /band	tirsdager	1900-2130	Møtesal	Gerd Håland	992 54 851
musikklag	tirsdag, oddetallsuke	2000-2130	matsal	Solfrid Skretting	51 43 01 20
Hananja	onsdag, oddetallsuke	2000-2230	møtesal/matsal	Njål Omland	51 43 10 57
Lovsanggruppe	Torsdag (hele året)	1900-2100	møtesal eller ungd.sal	Gerd Håland	992 54 852
SUNDAG lovsangsgruppeøving	Mandag (hele året)	1915-2100	møtesal	Bente Aanestad Scheie	416 76 727

ajourført: 210417

# **VARHAUG MISJONSHUS**

## **VAKTLISTE 2017-2018**

<b><u>namn/tlf (varamann i parantes)</u></b>	<b><u>Vekenummer</u></b>	<b><u>og dato</u></b>	.					
<b>Gunhild Lobekk</b> <b>958 61 391</b> (Asbjørn Fauskanger 94157641)	<b>15</b> 10/4	<b>23</b> 5/6	<b>31</b> 31/7	<b>39</b> 25/9	<b>47</b> 20/11	<b>3</b> 15/1	<b>11</b> 12/3	<b>19</b> 7/5
<b>Håkon Varhaug</b> <b>901 13 828</b> (Sindre Varhaug 92868772)	<b>16</b> 17/4	<b>24</b> 12/6	<b>32</b> 7/8	<b>40</b> 2/10	<b>48</b> 27/11	<b>4</b> 22/1	<b>12</b> 19/3	<b>20</b> 14/5
<b>Per-Arvid Jakobsen</b> <b>51430082/926 17 652</b> (Christian Grove 93863017)	<b>17</b> 24/4	<b>25</b> 19/6	<b>33</b> 14/8	<b>41</b> 9/10	<b>49</b> 4/12	<b>5</b> 29/1	<b>13</b> 26/3	<b>21</b> 21/5
<b>Torbjørn Honnemyr</b> <b>479 56 501</b> (Martin Dyngeland 97055506)	<b>18</b> 1/5	<b>26</b> 26/6	<b>34</b> 21/8	<b>42</b> 16/10	<b>50</b> 11/12	<b>6</b> 5/2	<b>14</b> 2/4	<b>22</b> 28/5
<b>Astrid Varhaug</b> <b>51430336/992 29 781</b> (Stig Hobberstad 95772599)	<b>19</b> 8/5	<b>27</b> 3/7	<b>35</b> 28/8	<b>43</b> 23/10	<b>51</b> 18/12	<b>7</b> 12/2	<b>15</b> 9/4	<b>23</b> 4/6
<b>Terje Skretting</b> <b>900 59 582</b> (Leif Nord-Varhaug 91192055)	<b>20</b> 15/5	<b>28</b> 10/7	<b>36</b> 4/9	<b>44</b> 30/10	<b>52</b> 25/12	<b>8</b> 19/2	<b>16</b> 16/4	<b>24</b> 11/6
<b>Loyd Aanestad</b> <b>51432149/915 39 216</b> (Kjell Gunnar Arnesen 95486532)	<b>21</b> 22/5	<b>29</b> 17/7	<b>37</b> 11/9	<b>45</b> 6/11	<b>1</b> 1/1	<b>9</b> 26/2	<b>17</b> 23/4	<b>25</b> 18/6
<b>Rolf Ueland</b> <b>977 20 085</b> (Ståle Ånestad 94885541)	<b>22</b> 29/5	<b>30</b> 24/7	<b>38</b> 18/9	<b>46</b> 13/11	<b>2</b> 8/1	<b>10</b> 5/3	<b>18</b> 30/4	<b>26</b> 25/6

**Til alle brukarar av huset.**

**(Angitt dato er for mandagene).**

Dersom du må ha hjelp til noko når du leiger Misjonshuset, kan du ta kontakt med den som har vakt. Tlf nr til Misjonshuset: **51430808**. Kontortid på Misjonshuset er mandag og torsdag kl 2000-2100, I juli vil det ikkje vere kontortid. Ein kan også nytte internetsida for å bestille leige, sjå [http://www.varhaug-misionhus.no/?page\\_id=752](http://www.varhaug-misionhus.no/?page_id=752)

Styret for Misjonshuset.



AH Bygg Auestad & Håland AS  
Møllev. 12, 4360 Varhaug  
Tlf.: 51798579

ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER  
**Elektrofag Jæren**

Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren **EL-PROFFEN**

## Jærentrepreneur

Opstadveien 643  
Postboks 54 – 4368  
VARHAUG  
Tlf.: 51798700  
post@jerentrepenor.no  
Org. nr.: 934279980  
www.jerentrepenor.no



Dublandveien 35A  
4360 VARHAUG

Tlf.: 51435900  
Fax.: 51434369

Epost: post@vph.no  
www.vph.no

## JÆRBU

### GJØDSELPUMPE

Ole G  
Nord-Varhaug & Co a.s

Hatlevien 4, 4360 Varhaug  
Telefon 51 79 35 50 www.jaerbu.no



Alt i oppmerking av parkeringsplasser

Toppaveien 7  
4360 Varhaug  
Telefon: 51430937  
Fax: 51433364  
Mobil: 90889556



**ODLAND a/s**  
FORSKALING OG STØYPING

